

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 29. januar 2026

Navn	Signert med	Tidspunkt
Kari Vevle Reigstad	BankID OIDC High	2026-02-04 12:20:59
Bjarte Hammer Aarland	BankID OIDC High	2026-02-04 14:34:11



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Osterøy sokneråd

Dato og tid: 29.01.2026, 17:00

Stad: Kyrkjesenteret i Lonevåg

Saksmappe: OS2026-6

Til stades: Bjarte Aarland (leiar), Kari Vevle Reigstad (Nestleiar), Anne Cecilie Skeidsvoll (Medlem), Evy Bysheim Pedersen (Medlem), Jan Roald Myking (Medlem), Kristin-Merete Nøttveit (Medlem), Liv Rivenes (Medlem), Magne Roald Vikne (Medlem), Miriam Skjelvik Kalland (Medlem), Britt Margunn Rød (Varamedlem)

Forfall: Otto Mo (Medlem), Sigmund Faugstad (Andre innkalte)

Protokollfører: Linda Gripsgård Lunga

Astrid Marie Haugland møtte som sokneprest.

Gerd Karin Njåstad møtte som vara for Sigmund Faugstad.

Sakslista

Faste Saker

001/26 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

002/26 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 4.12.25

Møtesaker

003/26 FR - Leige av kyrkjene for kyrkjeutvala

004/26 FR - Kyrkjebladet

005/26 SR - Visjon for Osterøy sokneråd

006/26 SR - Diakoniutval

007/26 FR - Vidare arbeid med lekkasjen i tårnet i Hosanger kyrkje.

Orienteringssaker

00001 Vidare arbeid med lekkasjen i tårnet i Hosanger kyrkje: Endra til fellesrådssak.

00002 Oversikt kostnad grasklypping før og framover

00003 Meir om overføring av eigedomar frå Allstad AS til Osterøy sokn

00004 Stønad frå Osterøy kommune i 2026

00005 Oppdatering trusopplæringsrådet

00006 Varslingssaker og avvik for ansatte og gjestar

00007 700 års jubileum for Hosanger kyrkje som kyrkjestad i 2029

Kari Vevle Reigstad
Nestleiar

Bjarte Aarland
leiar

001/26 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	29.01.2026	001/26

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og saksliste.

Møtebehandling

Orienteringssak om lekkasjen i tårnet i Hosanger vert ei fellesrådssak i stadenfor orienteringssak.

Ekstra orienteringssak om 700 års jubileum for Hosanger som kyrkjestad i 2029.

Vedtak

Godkjent.

002/26 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 4.12.25

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	29.01.2026	002/26

Saksframlegg

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 4.12.25.

Vedtak

Godkjent.

003/26 FR - Leige av kyrkjene for kyrkjeutvala

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	29.01.2026	003/26

Saksframlegg

Vi sender rekning når nokon leiger kyrkjene på Osterøy, men kva gjer vi når kyrkjeutvala og andre utval som ønskjer å bruke kyrkjene til ulike konsertar eller møter? Det trengs å formaliserast slik at vi har klare reglar for dette.

Møtebehandling

Vil kyrkjeutvala fortsetje å ha konsertar o.l dersom dei skal betale avgift?

Pengane frå dei tidlegare sokna er overført til Osterøy sokneråd.

I Hosanger tek kyrkjeutvalet risikoen ved evt underskot sidan dei har eigen økonomi. Kyrkjeforeningen arrangerar sjølv konsertar. Dei tilhøyrrer på sett og vis Osterøy sokn, sjølv om dei er sjølvstendige.

Vedtak

Kyrkjeutvala treng ikkje betale avgift for leige av kyrkjene på Osterøy.

004/26 FR - Kyrkjebladet

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	29.01.2026	004/26

Saksframlegg

I møte 4.desember hadde vi kyrkjebladet som orienteringssak. Bladet har no vorte enno dyrare å trykke og det har vore problemer med leveransen frå redaktør. Soknerådet var inne på å kun ha kyrkjebladet digitalt. Sist utgåve vart lagt ut på nettsida vår og på Facebooksida vår. Er det slik vi vil ha det framover? Dette vil vere besparande, men når vi ut til dei som ikkje les nettsida og facebook?

For 2026 er kostnaden for Osterøy sokn kr 30817,- for tre utgåver. Dette p.g.a at det siste nummeret før jul ikkje vart trykt opp.

For 2027 vert kostnaden kr 40156,-.

I tillegg betaler vi Osterøy skulebrass kr 6500,- per utdeling. Tilsaman kr 19500,-.

Dersom soknerådet vil gå vidare med å ha dette digitalt kan det vere ein idé å leige inn ein grafisk designer til å gjere denne jobben.

Møtebehandling

Osterøy sokneråd ønsker å trekke seg ut. Skal vi trekke oss ut i årsmøte i mars 2026? Kva var hensikten med kyrkjebladet? Det var jo å nå ut til folk vi ellers ikkje når. Kan vi ha lokal trykking? Trykke det opp i mindre antall og dele ut f.eks på Osterøytunet?

Skal vi berre ha det digitalt? Skal vi ha vårt eige blad kun for Osterøy?

Vedtak

Vi vil etablere vår eiga løysing. Vi seier opp felles samarbeid i årsmøte i mars 2026. Vi må ha ein eigen komite til eit nytt blad.

Komite vert Miriam Skjelvik Kalland, Evy Bysheim Pedersen og Britt Margunn Rød.

Dei får mandat til løysing til neste soknerådsmøte 12. mars.

005/26 SR - Visjon for Osterøy sokneråd

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	29.01.2026	005/26

Saksframlegg

Vi treng å ha ein visjon for Osterøy sokneråd.

Björgvin bispedøme har denne visjonen: «Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd».

Den Norske Kyrkja har denne visjonen: "Meir himmel på jorda".

Kva for visjon vil vi ha? Tenk gjennom og kom gjerne med forslag til soknerådsmøte.

Møtebehandling

Tidlegare Gjerstad sokn hadde: "Alle alle vil vi ha med".

Kan vi ha ei gruppe som presenterer eit eller fleire forslag? Kvar vil vi vere som kyrkje om eitt år eller to år? Vår lokale identitet.

Eit eksempel: Fellesskap med kvarandre, fellesskap med andre. Gjerne noko kort. Kan vi ha ei "ordsky" på neste soknerådsmøte?

"Kirka vår" kan brukast til å lage ein slik visjon.

Vedtak

Vi samarbeider om dette på neste soknerådsmøte. Gjerne knytta opp mot kyrkjebladet.

006/26 SR - Diakoniutval

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	29.01.2026	006/26

Saksframlegg

Vi er i startgropa på eit diakoniutval. Frå før har Kristin-Merethe Nøttveit og Madli Hannisdal takka ja til å vere med i utvalet. Det er behov for å ha med fleire. Kan soknerådet foreslå kven vi kan spørje om å vere med i utvalet?

Møtebehandling

Forslag:

Signe Røsland. Vi tar kontakt med henne.

Astrid Marie Haugland.

Vi spør Atle Hammer.

På sikt kan Bjarte Aarland tenke seg å være med i utvalet.

Vedtak

Astrid Marie Haugland vert med i utvalet. Signe Røsland og Atle Hammer vert spurt om dei vil vere med.

007/26 FR - Vidare arbeid med lekkasjen i tårnet i Hosanger kyrkje.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	29.01.2026	007/26

Saksframlegg

Magne Vikne har vore i kontakt med Arve Mjøs frå Bernes Bygg og med Kjetil Monstad om pris på leige av stillas.

Kjetil har ikkje dei nødvendige sertifikata for å setje opp eit slikt stillas og Arve Mjøs kjem med pris nå snart som mogleg.

Dagen etter utsendt innkalling fekk vi eit skriftlig tilbod frå Bernes Bygg:

Vedlagte tilbod er på kr 167 000,- eks moms. Ved tilbod over 100 000,- må vi hente inn tilbod frå fleire firma.

Møtebehandling

Kan man setje opp dette via Kjetil Monstad utan heile stillaset? Å leige ein kran med lift kostar ca 20 000,-. Kan liften stå nokre dagar og utføre denne jobben mens kranen står oppe? Kjetil og Magne kan sjekke skadeomfanget ein dag når det regner. Då kan ein betre sjå skadens omfang. Kanskje Kjetil kan fikse dette. Dette sjekkes til neste møte 12. mars.

Vedtak

Vi avventer jobben med å sjekke opp i om ein via lift eller anna sikring kan gjere ein midlertidig jobb etter at skaden er avdekka.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.01.2026	00001

00001 Vidare arbeid med lekkasjen i tårnet i Hosanger kyrkje: Endra til fellesrådssak.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.01.2026	00002

00002 Oversikt kostnad grasklypping før og framover

Informasjon

Kostnad grasklypping av kyrkjegardane:

Leige av Raymo radiostyrt klyppar i 2025: Kr 36664, ekskl.mva. Kr 9166, ekskl.mva per måned.

Betaling kyrkjegardsarbeidar: Arbeid ca 3 dagar per veke: Ca 100 000,- netto i 2025. Dette har tidlegare vore utført av to stk og det har blitt jobba fleire dagar i veka. Et estimert utført arbeid på grasklypping er kr 300 000,- i halvåret.

Kostnad reparasjonar utført av den innleigde klypparen i 2025: Kr. 53 000,-. inkl.mva.

Kostnad innkjøp av ny grasklyppar: Ca 250 000,-.

Kostnad leige av robotgrasklypparar til alle åtte kyrkjegardane på Osterøy i frå 2026: Kr. 21190,- per måned ekskl.mva.

Det var ønskeleg med ein oversikt over den totale årskostnaden før og etter leige av robotgrasklypparar.

Årskostnad for robotgrasklypparar vert: 254 280,- ekskl.mva frå 2027. For 2026 vert det frå april og ut året: 190 710,- ekskl.mva.

Til samanlikning ville vi ha brukt ca 250 000,- for betaling kyrkjegardsarbeidar og reparasjonar av utstyr.

Årskostnaden må leggst inn i budsjettet.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.01.2026	00003

00003 Meir om overføring av eigedomar frå Allstad AS til Osterøy sokn

Informasjon

Skjøte for Gnr 129, Bnr 128 vart 1.oktober 2025 overført til Osterøy sokn. Dette gjeld Hamre kyrkje, pumpehuset, toaletta, borgstova, kyrkjegarden og parkeringsplassen. Naustet som tidlegare har vore nevnt ligg ikkje på vår eigedom. Det vart sagt at ytterlegare fleire tomter skulle overførast innan jul, men kyrkjeverja har ikkje fått nokon informasjon frå Allstad AS eller Osterøy kommune om at det er gjort. Helge Clausen frå Osterøy kommune seier at han ikkje har høyrte noko frå Allstad heller. Han har gått gjennom eigedommane der Allstad Grunneigedom AS er heimelshavar og kjem til at desse eigedomane er relevante for kyrkja å overta, sjå vedlegg.

Merknad: Naustet er vår eigedom.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.01.2026	00004

00004 Stønad frå Osterøy kommune i 2026

Informasjon

Til orientering har vi i 2026 gått opp frå 5,930 mill til 6,140 mill i året. Dette er ei høying på kr 210 000,-.

Kyrkjebevaringsprogrammet:

Vi treng å ta dette opp politisk med Osterøy kommune at vi treng å engasjere oss i kyrkjebevaringsprogrammet. Det må bli ei offentleg sak og kome på postlista.

Kan vi invitere politikarar til oss eller invitere oss sjølv inn på deira gruppemøter? Til dømes delta i "Open mikrofon" før herradsstyremøte?

Vi tar saka opp igjen på neste møte i AU.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.01.2026	00005

00005 Oppdatering trusopplæringsrådet

Informasjon

Miriam Skjelvik Kalland er med i trusopplæringsrådet. Ho orienterte litt om kva som skjer i trusopplæringsarbeidet.

Akkurat no jobbar Helga med rapportering. Miriam seier seg svært nøgd med hennar arbeid. Særleg suksess er det i arbeidet med nyoppstarta "Etter skuletid for 5.-7. klassingane" annakvar fredag. Lista over aktivitetar er lang og innhaldsrik.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.01.2026	00006

00006 Varslingssaker og avvik for ansatte og gjestar

Informasjon

I haust på HMS-møte mellom ansatte i Osterøy sokn og ansatte i Bjørgvin bispedøme, leiar for prestane Leif Endre Grutle og verneombud Arne Mullen snakka vi om behovet for å ha tilbod om varsling av avvik. Sokneprest Astrid Marie Haugland og kyrkjevevja finn det difor viktig å ha dette skjemaet liggande på vår nettside.

Dette skjema er henta frå Den Norske Kyrkja og er den same som Bjørgvin bispedøme har på si nettside.

Her er lenka: [Varsling | Varsle i Den norske kirke - Den norske kirke](#)

Lenka må opnast i et nytt vindu.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	29.01.2026	00007

00007 700 års jubileum for Hosanger kyrkje som kyrkjestad i 2029

Informasjon

I 2029 er Hosanger kyrkje 700 år som kyrkjestad. Dette må vi feire. Forslag til tidspunkt er ei helg i mai. Det må lagast ein komitè som kan jobbe fram mot dette. Vi tek tråden opp igjen på neste soknerådsmøte 12.mars.

Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 29. januar 2026

Navn

Bjarte Hammer Aarland

Dato

2026-02-04

Navn

Kari Vevle Reigstad

Dato

2026-02-04

Identifikasjon



Bjarte Hammer Aarland

Identifikasjon



Kari Vevle Reigstad



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))